



Rype i Tverrfjell-området i helga. (Foto: Kurt Haugland)

10. september startar rypejakta men ein av dei ivrigste rypejegarane i bygda, Bjørn Egil Haugland, har ikkje dei store forhåpningane korkje til fjellrypa eller lirypa denne hausten.

- Det var ein turr vår og kulla vart små, påpeikar han han.

Sjansane er gjerne best dei første to vekene då kjuklingane plar halda seg mykje i lag med mora. Då er det lettast å jakta på dei.

Haugland jaktar rype både i området rundt Mannsvatnet, på Ulvanåso og Englafjell, men det hender og at han tek seg ein tur innover i Blådalen. Innunder fonna er det gjerne gode forekomstar av fjellrype. Lirypa held seg som det går fram av namnet lenger nede enn fjellrypa.

- Men korleis er det med rypejakt-løyve i Uskedalsområdet?

- Her er det ingen som driv sal av kort, kven som helst kan jakta rype utan å betala noko for det. Det einaste som krevst er at ein har snakka med grunneigarane først, opplyser Haugland.

Observasjonen hans av bestanden stemmer med det som er inntrykket over store delar av landet. Tellingar fortel at rypejakta kan bli mager dette året. Frå Finnmark til Hardangervidda blir det meldt om små og få kull og mykje enkeltfugl. Takseringsrapporter konkluderer med at talet på kjuklingar pr. vaksen fugl er svært lågt.

Kollaps i smånagarbestanden i fjor blir trukke fram som ein viktig årsak til at situasjonen er som den er. Då må rovfugl og andre rovdyr finna seg annan mat og rypekjuklingar står på topp på menyen!

På grunn av situasjonen er det planar om reduksjon av dagskvotene pr. jegar fleire stader i landet..

Av Ola Matti Mathisen



Eit rypekull "tar av" i Tverrfjell-området i helga. (Foto: Kurt Haugland)